

Møteprotokoll fylkesting for ungdom Vestland 10.-11. april 2021

Dato: 10. april 2021
11. april 2021

Kl.: 10.00 – 18.15
10.00 – 14.30

Stad: Fjernmøte

Sak 1/21 Opning

Natalia Golis, fylkesvaraordfører, og Susanne Sørli Slettebakken, leiar Vestland ungdomsutval opna fylkesting for ungdom 2021

Sak 2/21 Namneoppdrag og godkjenning av fullmakter

Ved administrativ leiding på fylkesting for ungdom, Arild Knapskog og Lotte Karoline Lynngård.

Arild Knapskog heldt namneoppdrag

Fylkesting for ungdom har følgjande deltakarar (nummererte deltakarar har forslags-, tale- og røystesrett):

Nr.	Delegatar	Representerer	Merknad
1	Susanne Sørli Slettebakken	Vestland ungdomsutval	
2	Leander Mullen Sunde	Vestland ungdomsutval	
3	Kjersti Hidle	Vestland ungdomsutval	
4	Håkon Lothe	Vestland ungdomsutval	
5	Lisa Horpen	Vestland ungdomsutval	
6	Emilie Mortvedt Troland	Vestland ungdomsutval	
7	Mia Holdhus	Vestland ungdomsutval	
8	Evelyn Risnes Bjørnbekk	Vestland ungdomsutval	
9	Edas Kondrotas	Vestland ungdomsutval	
10	Synne Birkhaug	Vestland ungdomsutval	
11	Marius Helgheim Ahmt	Vestland ungdomsutval	
12	Matilde Myklatun Hole	Vestland ungdomsutval	
13	Freya Grace Hagen	Alver Kommune	
14	Frida Kleiveland Fammestad	Alver Kommune	
15	Tina Emilie Revheim	Askøy Kommune	
16	Paulina Lipinska	Askøy Kommune	
17	Herborg Magnussen Kolbeinshavn	Austevoll Kommune	
18	Ingrid Strønen Riise	Bergen kommune	
19	Ingrid Hjartåker Lien	Bergen kommune	
20	Vegar Klyve	Bjørnafjorden Kommune	
21	Adrian Hovland Våge	Bømlo kommune	

22	Kajsa Hellen Røksund	Bømlo kommune	
23	Are Dalseide	Eidfjord Kommune	
24	Emilie Vivali Tveit	Eidfjord Kommune	
25	Ståle Opsahl	Fedje Kommune	
26	Hanne Leah Waage Rognsvåg	Fedje Kommune	
27	Matilde Aa Berge	Gloppen Kommune	
28	Nicolai Sandnes	Gloppen Kommune	Fekk ikkje røysta.
29	Ariana Rasdal	Høyanger Kommune	
30	Emma Tennefoss Finden	Høyanger kommune	Kom til dag 2, fekk ikkje røysta.
31	Håkon Skram Heggen	Kinn kommune	
32	Mathias Refvik Henriksen	Kinn kommune	
33	Eusebiu Amanalachioai	Kvam Herad	
34	Sander Eide Aase	Kvam Herad	
35	Iris Matre	Kvinnherad Kommune	
36	Nikolai Strüter Vågen	Kvinnherad Kommune	
37	Oda Bertine Bondevik Lie	Luster Kommune	
38	Olav Nåmdal	Modalen Kommune	
39	Jonathan Thorsen	Modalen Kommune	
40	Theodor Solheim Gjenga	Osterøy Kommune	
41	Ida Haugen Skulstad	Samnanger Kommune	
42	Maren Sævild	Samnanger Kommune	
43	Marie Løviknes	Stad Kommune	
44	Karl Joakim Tislavoll Lekven	Stord Kommune	
45	Inger Christin Hystad Barane	Stord Kommune	
46	Mina Flo Håvik	Stryn Kommune	
47	Andrine Lundekvam	Sunnfjord Kommune	
48	Hallvard Lervik	Sunnfjord Kommune	
49	Malene Vikse	Sveio Kommune	
50	Anna Haaland Haugsgjerd	Tysnes Kommune	
51	Ingebjørg Wildhagen	Tysnes Kommune	
52	Nina Aga Haug	Ullensvang Kommune	
53	Elina Sekse Eide	Ullensvang Kommune	
54	Emil Øvretveit	Øygarden Kommune	
55	Karoline Sæle Einevoll	Øygarden Kommune	
56	Michal Niedzwicki	Årdal Kommune	
57	Eskil Jensen	Årdal Kommune	

Observatører	Representerer
Emma S Haugland	Askøy Kommune
Jasmin Golis	Kvam Herad
Ida Djupevåg	Kvam Herad
Nora Haugen Skulstad	Samnanger Kommune
Oscar Eliassen Fink	Sunnfjord Kommune

Kontrollnemnda	
Ida Heggland	Kontrollnemnda
Anna Elisabeth Øyrehagen	Kontrollnemnda
Lisa Haugland Bøthun	Kontrollnemnda

Administrasjon	Stilling
Arild Knapskog	Rådgjevar, møtesekretær
Lotte Karoline Lynngård	Rådgjevar, møtesekretær

Sak 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

Fylkekesting for ungdom godkjenner innkallinga og innstilling til sakliste.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkekesting for ungdom godkjenner innkallinga og innstilling til sakliste.

Sak 4/21 Val av møteleiar

Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

Fylkekesting for ungdom vel:

Rune Holsen Nygård

Anniken Strøen Riise

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkekesting for ungdom vel:

Rune Holsen Nygård

Anniken Strøen Riise

Sak 5/21 Godkjenning av forretningsorden

Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

Fylkekesting for ungdom godkjenner forretningsorden.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesting for ungdom godkjenner forretningsorden.

Sak 6/21 Val av protokollskrivarar

Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom vel:

Arild Knapskog, Vestland fylkeskommune

Lotte Karoline Lynngård, Vestland fylkeskommune

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesting for ungdom vel:

Arild Knapskog, Vestland fylkeskommune

Lotte Karoline Lynngård, Vestland fylkeskommune

Sak 7/21 Val av protokollunderskrivarar

Susanne Sørli Slettebakken, Vestland ungdomsutval (VU), sette fram slikt forslag:

«Fylkesting for ungdom gjer slik val av protokollunderskrivarar:

Inger Christin Hystad Barane

Maren Sævild»

Røysting

Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesting for ungdom gjer slik val av protokollunderskrivarar:

Inger Christin Hystad Barane

Maren Sævild

Sak 8/21 Val av uttalenemnd

Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom vel:

Mia Holdhus

Lisa Horpen

Evelyn Risnes Bjørnbekk

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesting for ungdom vel:

Mia Holdhus

Lisa Horpen

Evelyn Risnes Bjørnbekk

Sak 9/21 Val av valnemnd

Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom vel:
Susanne Sørli Slettebakken
Leander Sunde
Anna Elisabeth Øyrehagen Aksenvoll

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesting for ungdom vel:
Susanne Sørli Slettebakken
Leander Sunde
Anna Elisabeth Øyrehagen Aksenvoll

Sak 10/21 Behandling av køyrereglar for fylkesting for ungdom Vestland 2021

Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom vedtek køyrereglar for fylkesting for ungdom 2021.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesting for ungdom vedtek køyrereglar for fylkesting for ungdom 2021.

Sak 11/21 Behandling av vedtekter for fylkesting for ungdom Vestland og Vestland ungdomsutval

Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom vedtek vedtekter for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval

Susanne Sørli Slettebakken, VU, sette fram slikt forslag:

«Endre paragraf 2, første avsnitt:

Vestland Ungdomsutval skal bestå av ni medlem (leiar, nestleiar og sju medlem). Desse blir vald på fylkesting for ungdom. Det skal også veljast sju varamedlem. Tre av medlema skal veljast for to år medan dei seks resterande medlema i likskap med vara har ein valperiode på eitt år. Dette er for å halde kontinuitet i utvalet. Det skal veljast ny leiar og nestleiar kvart år»

Leander Mulen Sunde, VU, sette fram slikt forslag:

- (a) «Endre paragraf 2, andre avsnitt:

Medlemene i VU skal vere 14 til 19 år gamle. Ein 19-åring kan bli valt inn for to år, medan ein 13-åring som fyller 14 år det året tingsetet finn stad kan bli medlem.

til

Medlemmene i VU skal vere 14 til 19 år gamle. Ein 13-åring som fyller 14 det året tingsetet finn stad kan bli medlem.»

- (b) «Endre:

På møta skal medlemmene, i tillegg til tre fyste varamedlem, møte. Dette er for å halde vara oppdatert på arbeidet VU gjer, slik at utvalet ikkje vert svekka om eit medlem melder forfall.

til

På møta har medlemmene, i tillegg til tre fyste varamedlem møteplikt. Resten av varamedlemma har møterett. Dette er for å halde vara oppdatert på arbeidet VU gjer, slik at utvalet ikkje vert svekka om eit medlem melder forfall.»

Røysting

Det var 55 røysteføre under voteringa

Slettebakken sitt forslag fekk 51 røyster og vart vedteke. 2 røysta ikkje.

Sunde sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke. 5 røysta ikkje.

Sunde sitt forslag (b) fekk 53 røyster og vart vedteke. 1 røysta ikkje.

Innstillinga vart samrøystes vedteken med dei endringane over. 2 røysta ikkje.

Vedtak

Vedtekter for Vestland ungdomsutval

§ 1 Føremål

Vestland ungdomsutval (VU) er arbeidsutvalet til fylkesting for ungdom (FFU) i Vestland fylke. VU arbeider etter mynde frå fylkesting for ungdom. VU følgjer opp vedtak gjort av fylkesting for ungdom og rapporterer til FFU om måten dei har følgd opp vedtaka sidan førre FFU. VU skal fungere som referansegruppe i arbeidet med fylkeskommunale planar og saker som gjeld barn og ungdom.

§ 2 Val og samansetnad

Vestland Ungdomsutval skal bestå av ni medlemmer (leiar, nestleiar og sju medlemmer). Desse blir vald på fylkesting for ungdom. Det skal også veljast sju varamedlem. Tre av medlemmene skal veljast for to år medan dei seks resterande medlemmene i likskap med vara har ein valperiode på eitt år. Dette er for å halde kontinuitet i utvalet. Det skal veljast ny leiar og nestleiar kvart år

Medlemene i VU skal vere 14 til 19 år gamle. Ein 13-åring som fyller 14 det året tingsetet finn stad kan bli medlem.

Det skal vera ein balansert samansetjing av medlemmar frå by og distrikt. Ved val av det komande VU skal det også takast omsyn til geografisk spreining, alder, eigenskapar og kontinuitet. Kjønnbalansen skal vere i samsvar med kommunelova § 7-7 tredje ledd som seier viss organet skal bestå av minst fire medlemmer, skal kvart kjønn vere representert i organet med minst 40 prosent. Kjønnbalansen skal fordelast med å sjå kjønnbalansen for medlem og varamedlem kvar for seg.

§ 3 Arbeidsområde

Vestland ungdomsutval skal rapportere til fylkesting for ungdom om arbeidet med vedtaka som vart gjort under fylkesting for ungdom ved førre tingsete, gjennom ei årsmelding. VU skal bruke malen for årsmelding som er utarbeidd av fylkeskommunen.

VU skal vere referansegruppe i fylkeskommunen sitt arbeid med planar og saker som vedkjem barn og unge.

VU skal planlegge og gjennomføre årlege fylkesting for ungdom (FFU) og nettverkssamling for ungdomsråd (NVS).

VU skal arbeide med saker det er naturleg å ta opp og som det er naturleg å engasjere seg i, på fylkesnivå.

VU skal arbeide for å styrke samarbeidet med barne- og ungdomsorganisasjonane.

VU skal ha ei fadderordning for, og ha jamleg kontakt med ungdomsråda i fylket.

VU skal ha jamleg kontakt med fylkeskommunen og fordeler ansvar for dei ulike avdelingane mellom seg. Det skal bli oppretta kontakt mellom VU og avdelingane, og VU skal få innsyn i saker som føregår i fylkeskommunen som angår barn og ungdom.

VU skal innad i utvalet organisere seg på same vis som fylkeskommunen, i den grad dette er mogeleg.

Leiar og nestleiar har eit overordna ansvar.

§ 4 Møter

Vestland ungdomsutval fastset eigen møteplan. I utgangspunktet skal dei ha seks ordinære møter i året, i tillegg til nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom. Det første møtet etter fylkesting for ungdom skal vera eit fysisk møte, der eit av føremåla er å verte kjende med dei kvarandre og kontaktpersonen frå fylkeskommunen, for å skape eit best mogleg samarbeid for det kommande året.

På møta har medlemene, i tillegg til tre fyrste varamedlemer møteplikt. Resten av varamedlemene har møterett. Dette er for å halde vara oppdatert på arbeidet VU gjer, slik at utvalet ikkje vert svekka om ein medlem melder forfall.

Møta skal leggjast opp slik at reiseruta for kvar einskild ikkje vert for lang. Det bør vere møter fordelt i heile fylket, viss dette er praktisk for Vestland ungdomsutval. Det skal i hovudsak leggjast opp til kollektivtransport til møta.

Ved nettverkssamlinga og fylkesting for ungdom skal både medlemmer og varamedlemer vere til stades.

§ 5 Vedtak under møtet

Vestland ungdomsutval kan gjere vedtak når minst seks av medlemmane er til stades. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal.

Om det er røystelikskep, har leiar dobbelstemme.

§ 6 Møteplikt og forfall

Dersom ein ikkje har gyldig grunn til forfall, har medlemene plikt til å delta i utvalet sine møter og utvalet sitt arbeid. Gyldig grunn for forfall reknast som: sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsettast eller forsømast.

Forfall skal meldast til leiaren eller til sekretæren snarast råd, men seinast fire dagar før møtet slik at leiar kan kalle inn varamedlem.

§ 7 Vurdering og ev. fritak

Å vere medlem av Vestland ungdomsutval medfører ansvar, både for å delta på møter i utvalet, og melde ifrå i god tid dersom ein ikkje kan delta på eit møte og å følgje opp dei arbeidsoppgåvene ein vert tillagt.

Medlemer som ikkje møter utan å ha gyldig forfall på to møter, inkl. nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom, eller ikkje melder forfall til same tal møter, og gjentekne gonger ikkje gjer arbeidsoppgåvene sine bør vurdere / kan oppmodast av dei resterande medlemmane i VU til å søkje om fritak frå sitt verv i Vestland ungdomsutval.

Det er fylkesting for ungdom som avgjer om eit medlem i VU skal få fritak frå vervet sitt. Om nokon av medlemmane av VU ynskjer fritak frå vervet sitt må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar i VU og til sekretæren. Valnemnda skal få melding om at ein medlem søkjer fritak frå sitt verv, slik at dei kan komme med framlegg til vedtak for FFU. FFU gjer deretter vedtak over om medlemen får fritak frå vervet sitt i VU. Dette gjeld medlemmar som er valt for to år, men ynskjer å trekkje seg etter eitt år.

Dersom eit medlem ber om fritak undervegs i eit år, og ikkje i samband med fylkesting for ungdom, må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar og sekretær. Dette vert vøterings sak på neste møte i VU. VU kan gjere vedtak om at det skal kallast inn fast møtande vara for vedkomande fram til og med neste fylkesting for ungdom. Ein skal då nytte den prioriterte rekkefølga av varamedlemmar.

Om ein ynskjer å trekkje seg frå vervet ein har (leiar, nestleiar, medlem), kan VU vedta å fordele verva annleis. Eit slikt bytte skal vere ei vøterings sak og er gjeldande etter den datoen VU vedtek.

§ 8 Møteleing

Leiar av VU skal vere møteleiar. Dersom leiar ikkje kan stille på møtet skal nestleiar fungere som møteleiar. Dersom begge desse er vekke, skal Vestland ungdomsutval stemme over kven som skal leie møtet.

Referenten på møtet er den fylkeskommunalt tilsette. Denne personen skal ha ei støttande rolle i møtet, og skal skrive referata frå møte og protokoll om det ikkje er andre ynskjer. Referata bør vere utvalet i hende før neste møte. Denne personen har talerett i alle saker, men bør unngå å fremme eigne politiske meiningar. Dette er det møteleiaren si oppgåve å følgje opp.

§ 9 Innkalling og sakliste

Vestland ungdomsutval skal verte kalla inn skriftleg med minst sju dagar varsel. Saksdokumenta vert sende til medlemmene, varamedlemmene og eventuelt andre til same frist. Dersom ingen medlemer seier i mot, kan VU handsame saker sjølv om dei er sendt ut etter fristen.

Leiinga set opp sakliste før kvart enkelt møte, om ynskjeleg saman med sekretær. Saklista skal liggje ved innkallinga. Saklista skal, som utgangpunkt, vedtakast i den rekkjefølgja ho ligg føre, men VU kan vedta å endre denne.

§ 10 Ugildskap

For ugildskapen til medlemmene gjeld reglande i forvaltningslova kap. II og kommunelova § 40 nr.3. Medlemer som er ugilde deltek ikkje ved handsaming av saka og forlèt møtet dersom det er eit lukka møte.

§ 11 Økonomi

Målet med Vestland ungdomsutval er at alle skal kunne vere med, uavhengig av økonomisk bakgrunn eller personleg økonomisk situasjon.

Medlemene skal ikkje ha utgifter knytt til transport, deltaking og opphald på VU sine møter eller når dei representerer VU i andre samanhengar enn ordinære møter.

Til møta knytt til jobb for VU vert det gjeve reiserefusjon.

Møtegodtgjersla skal gå inn i det totale budsjettet til fylkesting for ungdom Vestland og Vestland ungdomsutval.

§ 12 Endring av vedtektene

Endringar i vedtektene for VU vert gjort av fylkesting for ungdom i Vestland med $\frac{2}{3}$ fleirtal.

Endringar i vedtektene tek til å gjelde i det dei vert vedtekne av fylkesting for ungdom i Vestland.

Vedtekter for fylkesting for ungdom

§ 1 Innleiande føresegner

§ 1-1 Namn

Det offisielle namnet er "fylkesting for ungdom" avkorta som "FFU". I dei fleste høve er det naturleg å leggje til "Vestland". Logoen er den same som for fylkeskommunen.

§1-2 Føremål

Fylkesting for ungdom (FFU) er det øvste talerøyet for ungdom i Vestland fylke. Fylkesting for ungdom skal arbeide med å ivareta ungdom i Vestland sine interesse for å auke samfunnsengasjementet hjå ungdommen. FFU er eit demokratisk organ for å fremja ungdomsmedverknad. I tillegg skal det stimulere til politisk engasjement samt for opplæring og erfaring i demokratiske prosessar, og få innsyn i demokratiet som styreform og folkestyret som grunnverdi.

§1-3

Fylkesting for ungdom kan sjølv ta opp saker dei ynskjer å fremje med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen

§ 2 Gjennomføring av tinget

§ 2-1

Fylkesting for ungdom sine møter er opne for alle som er interesserte.

§ 2-2

Fylkesting for ungdom skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Vestland ungdomsutval, der VU rapporterer til FFU om sitt arbeid i løpet av året. FFU skal behandle fjorårets rekneskap, årsmelding og forslag til budsjett for komande periode.

§ 2-3

FFU lagar og vedtek eit ungdommens planprogram for kva saker VU skal arbeide med det komande året. Ungdommens planprogram er det øvste politiske dokumentet for VU. Formålet med, og oppbygginga av, programmet vert lagt ved i eit utdjupingsdokument. Oppstår det konflikhtar mellom planprogrammet og andre vedtak gjort av FFU eller VU, gjeld planprogrammet som både FFU og VU sin politikk. Utdjupingsdokumentet kan endrast ved 2/3 fleirtal av FFU.

§ 2-4

VU har moglegheit til å gjere redaksjonelle endringar i planprogrammet og eigne dokument om FFU gjer dei denne friheita.

§ 2-5

VU avgjer deltakingsavgifta for neste FFU heilt fram til invitasjonen skal sendast ut.

§ 3 Deltakarar

§ 3-1

Alle kommunar i Vestland, uavhengig av folketal, kan sende to ungdommar til FFU som delegatar. Representantane skal veljast innad i ungdomsrådet eller kommunestyret.

Om kommunane ynskjer å sende fleire representantar er det plass til ti observatørar. Her er det snakk om å vere dei fyrste til å melde frå om ynskje av desse plassane.

Ein må vera delegat for å inneha tale-, forslags-, og røysterett. Ungdommar som ikkje er delegatar, men som er sende få kommunane er å rekne som observatørar. Dei stillar med talerett, men ikkje forslags- og røysterett.

Inviterte gjestar i alderen 13-19 år har berre talerett. Andre gjestar har ikkje talerett, ei heller forslags- og røysterett.

Gjestar skal ha moglegheit til å søke om talerett.

§ 3-2

FFU skal bestå av ungdom mellom 13 og 19 år med tilknytning til fylket. Det vil seie at ein kan vere delegat frå og med det kalenderåret ein fyller 14, men kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.

§ 3-3

Fylkesting for ungdom skal vera partipolitisk nøytralt. Representantane representerer kommunane sine og ikkje eit politisk parti.

§ 3-4

Alle medlemmer og varamedlemmer av VU har delegatstatus. Medlem og varamedlem av VU representerer FFU og ikkje kommunen dei kjem frå.

§ 4 Organisering og nemnder

§ 4-1

FFU skal haldast ein gong i året og skal arrangerast innan utgangen av mars, så lenge VU ikkje bestemmer noko anna eller særlege grunnar talar mot dette. Særskilde grunnar kan mellom anna vera dårlig påmelding frå kommunane, sjukdom og liknande.

§ 4-2

Dersom VU finn det nødvendig kan dei kalle inn til ekstraordinært FFU.

§ 4-3

VU kallar inn til FFU fem veker før FFU skal arrangerast, medan sakspapira skal sendast ut seinast 14 dagar før arrangementet begynner.

§ 4-4

Det skal førast møtebok for FFU. Møteboka vert lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider etter at den er ferdigstilt. Møteboka må underskrivast av to delegatar valt av FFU.

§ 4-4

FFU vel to (fleire ved behov) observatørar eller gjestar til å vera teljekorps under tinget, VU kjem med innstilling til medlemmer i teljekorpset.

§ 4-5

FFU vert leia av to ordstyrar. Ordstyrarane skal veljast av tinget. Det er VU som kjem med framlegg til ordstyrar, men tinget kan kome andre framlegg.

§ 4-6

FFU vel ei valnemnd på minimum tre personar etter innstilling frå VU. Desse kan veljast mellom avtroppande medlem av VU, representantar frå FFU som ikkje stiller til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valnemnd, ein person frå administrasjonen. FFU og VU skal ha minst halvparten av medlemene. Valnemnda skal innstille på medlem til VU og kontrollnemnda. Valnemnda kan ikkje innstille på sine eigne medlem i nokre av posisjonane.

§ 4-7

FFU vel ei uttalenemnd på minimum tre personar etter innstilling frå VU. Medlemene vert valt blant deltakarane

på FFU. Nemnda har i oppgåve å innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast, samt setje opp rekkefølga til røystinga. Uttalenemnda si innstilling til om saker skal realitetsbehandlast kan endrast om 1/3 røystar for endringa.

Uttalenemnda kan gjere mindre redaksjonelle endringar i ei fråsegn så lenge dette ikkje endrar innhaldet, dei skal også tilby forslagsstillarane hjelp med å finne eventuelle betre formuleringar. Uttalenemnda kan skrive eigne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatar, men i første rekkje bør uttalenemnda ha ein god dialog med forslagsstillar.

§ 4-8

FFU vel kontrollnemnd. Kontrollnemnda skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor VU og FFU. Kontrollnemnda skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på FFU. Nemnda skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av VU. Kontrollnemnda har tale - og framleggsrett på VU og FFU sine møte.

§ 4-9

Kontrollnemnda er plikta til å ta opp saka på FFU dersom det oppstår tvil om korleis ungdommens planprogram eller vedtekter skal forståast. Fram til FFU har behandla saka er det kontrollnemnda si tolking som gjeld.

§ 4-10

FFU kan setje ned andre nemnder med andre mandat.

§ 4-11

Kommunane i Vestland kan melde inn saker til FFU. Sakene skal handsamast av VU og må difor vera i VU sine hender minst ein månad før tinget.

§ 5 Vedtak og røysting

Minst 50% av fylkesting for ungdom sine frammøtte delegatar må vere til stade i møtet for at vedtak skal vere gyldige. Alle vedtak skal gjerast ved røysting.

Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal.

Dersom røystene står likt vert det votert over saka éin gong til. Dersom røystene deretter igjen står likt er leiar i VU si røyst avgjerande.

§ 5-1

Vedtekter må bli stemt gjennom ved $\frac{2}{3}$ fleirtal, dette gjeld også ved endring av vedtektene.

§ 6 Arrangement i regi av VU /FFU

§ 6-1

Det er ved alle arrangement i regi av FFU og VU nulltoleranse for trakassering.

§ 6-2

Alle møte og tilstellingar i FFU og VU skal vere rusfrie under heile arrangementet/opphaldet.

§ 6-3

Deltakarar som bryt regelverket etter § 6-1 og § 6-2 eller køyrereglane vedteke av FFU eller VU, kan sendast heim frå møtet eller arrangementet etter vedtak i kontrollnemnda.

§ 6-4

Dersom medlem i VU, kontrollnemnda eller deltakarane ved FFU/VU sine arrangement får informasjon om brot på vedtektenes § 6-1 skal dette meldast til fylkesadministrasjonen sitt varslingsutval etter diskusjon med VU sin rådgjevar/sekretær. Desse sakene skal handsamast under taushet fram til endeleg konklusjon er fatta.

Sak 12/21 Årsrekneskap 2020 og budsjett 2021

Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

1. Fylkeking for ungdom godkjenner rekneskapet for 2020.
2. Fylkeking for ungdom vedtek budsjett for fylkeking for ungdom 2021 slik det vert presentert i saka

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkeking for ungdom godkjenner rekneskapet for 2020.
2. Fylkeking for ungdom vedtek budsjett for fylkeking for ungdom 2021 slik det vert presentert i saka

Sak 13/21 Behandling av ungdommens planprogram 2021

Behandlinga av saka vart delt inn i tema slik det kjem fram av tingdokumentet.

Fylkeking for ungdom vedtek slik ungdommens planprogram for Vestland:

Opplæring og kompetanse

Sander Eide Aase, Kvam, sette fram slikt forslag:

- (a) «Nytt punkt 21:
VU skal arbeide for at produksjonsskulane skal få auka status i heile fylket.»
- (b) «Nytt punkt 25:
VU skal samarbeida med interesseorganisasjonar for elevar som eit tiltak for å betra elevane sine tilhøve»

Emilie Mortvedt Troland, VU, og Sander Eide Aase, Kvam, sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 22:
VU skal arbeide for å oppretthalde studielinjer i distrikta. Dette inkluderer også små linjer som står i fare for å bli lagt ned som sparetiltak»

Herborg Magnussen Kolbeinshavn, Austevoll, sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 23:
VU skal arbeide for at det skal bli tilbydd gratis mensprodukt som bind og tamponger. Eventuelt menskopp (bærekraft)»

Maren Sævild, Samnanger, sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 24:
VU skal oppfordre til at vidaregåande skular skal arbeide med å kunne gjennomføre open skule»

Emil Øvretveit, Øygarden, sette fram slikt forslag:



Fylkesting for ungdom Vestland fylkeskommune

«Endre punkt 3:

Frå:

VU skal arbeide for at det skal vera karakterbasert opptak (fritt skuleval) i Vestland fylkeskommune, samt arbeide for ikkje urimeleg lang reiseveg.

Til:

VU vil arbeide for å bevare nærskuleprinsippet i fylket»

Kjersti Hidle, VU, sette fram slikt forslag:

«Endre punkt 8:

Frå:

VU skal arbeide for å opprette fleire linjer ved vidaregåande skular som har yrkesfag med idrettstilpassing.

Til:

VU skal arbeide for å opprette fleire linjer ved vidaregåande skular som har yrkesfag med idrettstilpassing. Dette gjennom mellom anna dialog mellom idrettsutøvarar og fylkeskommunen, og forlenge studietida over tre år i staden for to, slik at ein får nok tid til trening, restitusjon, samlingar og liknande»

Næring, naturressursar og innovasjon

Sander Eide Aase, Kvam, sette fram slikt forslag:

- (a) «Nytt punkt 9:
VU skal arbeide for at ungdom lettare skal kunna få seg sommarjobb.»
- (b) «Nytt punkt 10:
VU skal arbeida for at Vestland fylke har gode ordningar for unge som ynskjer å driva med etablerarskap og næringsutvikling i heile fylket, ikkje berre i dei store byane.»
- (c) «Nytt punkt 11:
VU skal arbeida for å optimalisera vasskraftindustrien i Vestland»
- (d) «Nytt punkt 13:
VU skal oppfordra Vestland Fylkeskommune til å benytta seg av lærebedrifter i anbudsprosessar»

Emil Øvretveit, Øygarden, sette fram slikt forslag:

«Endre punkt 5:

Frå:

VU ønskjer å hindre utbygging av vindmølleparker på land i fylket.

Til:

VU skal jobbe for at vindmølleutbygging i fylket må ivareta miljøhensyn og vere lokalt forankra.»

Kultur, idrett og integrering

Sander Eide Aase, Kvam, sette fram slikt forslag:

- (a) «Nytt punkt 18:
VU skal arbeide for å ivareta samisk ungdom i Vestland sine interesser»
- (b) «Nytt punkt 19:
VU skal arbeida aktivt for at Vestland fylke skal kunna arrangera nasjonale og internasjonale meisterskap for unge innan kultur og idrett»

- (c) «Endre punkt 11:
Frå:
VU skal arbeide for å innføre ordninga med sjølvbetjente bibliotek i fylkeskommunen.

Til:
VU skal arbeide for å innføre ordninga med sjølvbetjente bibliotek på stader der betjent bibliotek ikkje er økonomisk forsvarleg»

Ingebjørg Wildhagen, Tysnes, sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 20:
VU skal arbeide med fokus på inkludering av alle fritidsaktivitetar, til dømes, musikk, gaming, teikning eller anna»

Emilie Mortvedt Troland, VU, sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 21:
VU skal arbeide for at kommunene prøver å lage ein arena der ungdom kan ytre sine meininga. For eksempel debatt på biblioteka»

Emil Øvretveit, Øygarden, sette fram slikt forslag:

«Endre punkt 4:
Frå:
VU skal arbeide for at "Gaming"/speling kan bli eit lavterskeltilbod innanfor kultur og fritid i politikken.

Til:
VU skal arbeide for gaming som eit lavterskeltilbod i fylket»

Marius Helgheim Ahmt, VU, sette fram slikt forslag:

«Stryke punkt 7:
VU skal arbeide for fleire kulturinnslag i skulen»

Lisa Horpen, VU, sette fram slikt forslag:

«Stryke punkt 9:
VU skal arbeide for å vidareføre og fremja tilbodet bokbåten Epos gjer»

Samferdsel og mobilitet

Sander Eide Aase, Kvam, sette fram slikt forslag:

- (a) «Nytt punkt 10:
VU skal arbeide for at dei som er avhengig av båt og ferje ikkje skal måtta oppleve innstilte avgangar i lengre periodar»
- (b) «Nytt punkt 11:
VU skal arbeide for at alle typar kollektivtransport (tog, båt, ekspressbuss o.l.) skal vera omfatta av ungdomskort. Dette må gjelde på alle stopp og linjer innanfor fylkesgrensa»
- (c) «Nytt punkt 13:
VU skal arbeide for hyppigare avgangar på buss mellom dei store regionsentera i fylket»
- (d) «Endre punkt 8:
Frå:
VU skal arbeide for at det skal etableras ungdomskort for kollektivtransport i Vestland fylke. Ungdomskortet skal gjelde frå fylte 13 år til og med 23 år. Vi ynskjer ein pris på 250kr pr. Mañad.

Til:
VU skal arbeida for å senka prisen og auka aldersspennet for ungdomskort»

Leander Mulen Sunde, VU, sette fram slikt forslag:

- (a) «Nytt punkt 12:
VU skal arbeide for at fylkeskommunen legg til rette for at skulekort skal gjelde på ekspress-bussar»
- (b) «Stryke punkt 2:
VU skal arbeide for at cruise-skip skal ha landstrøm.»
- (c) «Slå saman punkt 5, 6 og 7:
VU skal samarbeide tett med selskap som utøver kollektivtilbodet i Vestland fylke, samt fylkeskommunen for å sørge for at kollektivtilbodet passar særleg skuletider og fritidsaktivitetar»

Eigen organisasjon

Sander Eide Aase, Kvam, sette fram slikt forslag:

- (a) «Nytt punkt 16:
VU skal arbeida for at fleire regionråd skal ha eigne ungdomsråd»
- (b) «Nytt punkt 17:
VU skal arbeida for at ungdomsråd får kjennskap til ulike høyringar i fylket slik at råda kan senda inn høyringsuttalar»
- (c) «Nytt punkt 18:
VU skal arbeide med å hjelpa ungdomsråd i kommunane som treng bistand i større saker. Terskelen skal vera låg»

Maren Sæviold, Samnanger, sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 19:
VU skal arbeide med å laga informasjonplakat som kan henge på skular rundt om i Vestland fylke som formidlar VU sitt formål»

Kjersti Hidle, VU, sette fram slikt forslag:

- (a) «Stryke punkt 2:
VU skal arbeide for å hjelpe dei ny-opstarta ungdomsråda med å kome i gang.»
- (b) «Endre punkt 4:
Frå:
VU skal presentere minimum 3 saker på facebook/instagram i løpet av hver måned.

Til:
VU skal presentere minimum tre saker på relevante sosiale medium som Facebook eller Instagram i løpet av hver måned»

- (c) «Endre punkt 12:
Frå:
VU skal hjelpe med rådgjeving og oppfølging av ungdomsråd i kommunane i Vestland.

Til:
VU skal arbeide med å gje ungdomsråda i fylket ein eigen kontaktperson i VU, og hjelpe ungdomsråda med rådgjeving og oppfølging»

- (d) «Endre punkt 14:
Frå:
VU skal arbeide for å lage videoreklame som opplyser om VU sitt arbeid på ulike meida, som for eksempel youtube.
- Til:
VU skal arbeide for å lage reklame- eller informasjonsfilm som opplyser om VU sitt arbeid på ulike relevante medier»

Mathilde Myklatun Hole, VU, og Emil Øvretveit, Øygarden, sette fram slikt forslag:

- «Endre punkt 7:
Frå:
VU skal lage facebook side/gruppe for alle ungdomsråda i fylket.
- Til:
VU skal ha ei facebookgruppe med representantar frå alle ungdomsråda i fylket»

Marius Helgheim Ahmt, VU, sette fram slikt forslag:

- «Endre punkt 9:
Frå:
VU skal ha minst seks saker i media i løpet av perioden, og være aktive på relevante sosiale medium
- Til:
VU skal arbeide for å fremme FFU sine saker i media i løpet av perioden»

Røysting

Det var 55 røysteføre under voteringa.

Opplæring og kompetanse

Aase sitt forslag (a) fekk 52 røyster og vart vedteke. 4 røysta ikkje.
Aase sitt forslag (b) fekk 52 røyster og vart vedteke. 2 røysta ikkje.
Troland og Aase sitt forslag fekk 51 røyster og vart vedteke. 3 røysta ikkje.
Kolbeinshavn sitt forslag fekk 46 røyster og vart vedteke. 5 røysta ikkje.
Sævidl sitt forslag vart samrøystes vedteke. 3 røysta ikkje.
Øvretveit sitt forslag fekk 24 røyster og fall. 3 røysta ikkje.
Hidle sitt forslag fekk 44 røyster og vart vedteke. 3 røysta ikkje.

Næring, naturressursar og innovasjon

Aase sitt forslag (a) fekk 45 røyster og vart vedteke. 2 røysta ikkje.
Aase sitt forslag (b) fekk 52 røyster og vart vedteke. 2 røysta ikkje.
Aase sitt forslag (c) fekk 50 røyster og vart vedteke. 3 røysta ikkje.
Aase sitt forslag (d) fekk 52 røyster og vart vedteke. 3 røysta ikkje.
Øvretveit sitt forslag fekk 46 røyster og vart vedteke. 2 røysta ikkje.

Kultur, idrett og integrering

Aase sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke. 3 røysta ikkje.
Aase sitt forslag (b) fekk 17 røyster og fall. 2 røysta ikkje.
Wildhagen sitt forslag fekk 50 røyster og vart vedteke. 3 røysta ikkje.
Troland sitt forslag fekk 35 røyster og vart vedteke. 2 røysta ikkje.
Øvretveit sitt forslag fekk 50 røyster og vart vedteke. 2 røysta ikkje.
Ahmt sitt forslag fekk 38 røyster og vart vedteke. 2 røysta ikkje.
Horpen sitt forslag vart samrøystes vedteke. 2 røysta ikkje.
Aase sitt forslag (c) fekk 4 røyster og fall. 2 røysta ikkje.

Samferdsel og mobilitet

Aase sitt forslag (a) fekk 49 røyster og vart vedteke. 3 røysta ikkje.
Aase sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke. 4 røysta ikkje.
Sunde sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke. 3 røysta ikkje.
Aase sitt forslag (c) fekk 43 røyster og vart vedteke. 2 røysta ikkje.
Sunde sitt forslag (b) fekk 44 røyster og vart vedteke. 3 røysta ikkje.
Sunde sitt forslag (c) vart samrøystes vedteke. 2 røysta ikkje.
Aase sitt forslag (d) fekk 46 røyster og vart vedteke. 3 røysta ikkje.

Eigen organisasjon

Aase sitt forslag (a) fekk 47 røyster og vart vedteke. 4 røysta ikkje.
Aase sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke. 5 røysta ikkje.
Aase sitt forslag (c) vart samrøystes vedteke. 3 røysta ikkje.
Sævild sitt forslag fekk 51 røyster og vart vedteke. 3 røysta ikkje.
Hidle sitt forslag (a) fekk 43 røyster og vart vedteke. 2 røysta ikkje.
Hidle sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke. 2 røysta ikkje.
Hole og Øvretveit sitt forslag vart samrøystes vedteke. 2 røysta ikkje.
Ahmt sitt forslag fekk 47 røyster og vart vedteke. 2 røysta ikkje.
Hidle sitt forslag (c) vart samrøystes vedteke. 3 røysta ikkje.
Hidle sitt forslag (d) vart samrøystes vedteke. 2 røysta ikkje.

Innstillinga med endringane over vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeeting for ungdom vedtek slik ungdommens planprogram for 2021:


Ungdommens planprogram 2021

DEL 1 VISJON OG VERDIAR

VISJON

Fylkesting for ungdom Vestland – der ungdom blir høyrd

VERDIAR



DEL 2 MÅL FOR PERIODEN

Kultur, idrett og integrering

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

1.	VU skal legge opp til to obligatoriske kulturelle tilbod som alle klassar skal delta på i løpet av eit år.
2.	VU skal arbeide for økonomisk tilrettelegging for vanskelegstilte ungdommar som ikkje har råd til å delta på fritidsaktivitetar.
3.	VU skal arbeide for å oppretthalde og forbetre kultur- og idrettstilbod i fylkeskommunen
4.	VU skal arbeide for gaming som eit lågterskeltilbod i fylket.
5.	VU skal arbeide for større mangfald av minoritetar i ungdomsråda.
6.	VU skal oppretthalde samarbeidet med DKS om kulturtilbodet i den vidaregåande skulen, og foreslå at produksjonen skal handle om samfunnsaktuelle tema, og at det skal vere mogleg å kome med respons i ettertid.
7.	VU skal arbeide for at kulturskulen blir oppretthaldd og forbetra.
8.	VU skal arbeide for at alle bibliotek skal kunne tilby tenesta utstyrsbibliotek.
9.	VU skal arbeide for å innføre ordninga med sjølvbetente bibliotek i fylkeskommunen.
10.	VU skal arbeide for å etablere fleire og betre møteplassar for ungdom.
11.	VU skal arbeide for at det blir oppretta eit kulturkort for ungdom i Vestland fylkeskommune.
12.	VU skal arbeide for ei prøveordning med fadderordning for innføringsklasser.
13.	VU skal arbeide for ein kampanje som fokuserer på inkludering i lagidretten i den alderen der prestasjon og nivå, uheldigvis fører til at mange unge gjev seg med idretten.
14.	VU skal arbeide for at ungdommar skal kunne søke om midlar for å lettare kunne danne sine eigne ungdomsklubbar, idrettslag eller organisasjonar.
15.	VU skal arbeide for at økonomisk vanskelegstilte familiar skal kunne lettare delta på ulike fritidsaktivitetar, på lik linje som andre familiar.
16.	VU skal arbeide for å ivareta samisk ungdom i Vestland sine interesser.
17.	VU skal arbeide med fokus på inkludering av alle fritidsaktivitetar, til dømes musikk, gaming, teikning eller anna.
18.	VU skal arbeide for at kommunane prøver å lage ein arena der ungdom kan ytre sine meiningar. Til dømes debatt på biblioteka.

Næring, naturressursar og innovasjon

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

1.	VU skal arbeide for å minske matsvinn i Vestland, til dømes ved å sørge for at brukbar mat som ikkje kan bli seld blir gitt til relevante føremål.
----	--

2.	VU skal arbeide for fleire lærlingplassar, særskilt i framtidsretta og innovative bedrifter.
3.	VU skal arbeide for at Vestland fylkeskommune har fokus på berekraftig utvikling.
4.	VU skal arbeide for meir grøn energi i fylket, særleg er utbetringa av vasskraft og bølgekraft viktig.
5.	VU skal arbeide for at vindmølleutbygging i fylket må ivareta miljøomsyn og vere lokalt forankra.
6.	VU skal arbeide for at ei låneordning for unge entreprenørar vert oppretta.
7.	VU skal arbeide for å leggje til rette for at ungdom i ungdomsskule- og vidaregåandeskule-alder skal ha moglegheit til deltidsjobb.
8.	VU skal arbeide for at Ungjobb skal verte innført i alle kommunane i Vestland fylke.
9.	VU skal arbeide for at ungdom lettare skal kunne få seg sommarjobb.
10.	VU skal arbeide for at Vestland fylke har gode ordningar for unge som ynskjer å drive med etablerarskap og næringsutvikling i heile fylket, ikkje berre i dei store byane.
11.	VU skal arbeide for å optimalisere vasskraftindustrien i Vestland.
12.	VU skal oppfordre Vestland fylkeskommune til å anvende seg av lærebedrifter i anbudsprosessar.

Opplæring og kompetanse

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

1.	Det må vere betre symjeopplæring i skulen for utkantområda spesielt for ungdomsskule og vidaregåande skule.
2.	VU skal arbeide for at elevinspektørar skal bli satt inn igjen i den vidaregåande skulen.
3.	VU skal arbeide for at det skal være karakterbasert opptak (fritt skuleval) i Vestland fylkeskommune samt arbeide for ikkje urimeleg lang reiseveg.
4.	VU skal arbeide for at fråfallet i den vidaregåande skulen skal være mindre enn 15% ved å utbreie alternative utdanningstilbod som til dømes produksjonsskular.
5.	VU skal jobbe for at midlar som helsesjukepleier og skulepsykolog og helsestasjon for ungdom skal informerast meir om og skal vere lettare tilgjengeleg.
6.	VU skal jobbe for at ungdom som treng det skal ha moglegheit til å snakke med ein kvalifisert helsearbeidar.
7.	VU skal arbeide for at god psykisk helse og betre informasjon rundt temaet skal stå sentralt i VLFK.
8.	VU skal arbeide for å opprette fleire linjer ved vidaregåande skular som har yrkesfag med idrettstilpassing. Dette gjennom m.a. dialog med idrettsutøvarar og fylkeskommunen, og forlengje studietida over tre år i staden for to, slik at ein får nok tid til trening, restitusjon, samlingar og liknande.
9.	VU skal jobbe for å lage eit minimumskrav om tal nynorsktimar for dei som skal ha nynorsk som sidemål. VU skal sikre at nynorskundervisinga startar tidleg i ungdomsskulane, potensielt i barneskulane.



10.	VU skal arbeide for å betre seksualundervisinga. Gjennom blant anna å ta temaet opp i media, med fylkespolitikararar og engasjere ungdomsråd til å krevje meir frå grunnskulen.
11.	Grunna det er såpass vanskeleg å få dokumentert frávær for psykisk helse og mange ungdommar ikkje har midla dei treng for å kunne søkje hjelp er dagens fráværsgrense for streng, og VU skal dermed arbeide for at fráværsgrensa skal bli auka. VU skal arbeide for at terskelen for å få dokumentasjon lågare, medan tillaten fráværspersent skal bli høgare.
12.	VU bør jobbe for å bevare skulefrukost på alle vidaregåande skular i Vestland.
13.	VU skal prioritere arbeid for å fremje eit mangfald av identitetar, til dømes ved å delta på pride-parader.
14.	VU skal arbeide for opprettinga av eigen budsjettpost i fylkesbudsjettet tileigna ekstraløyvingar til innkjøp av skulebøker på begge målformer.
15.	VU skal arbeide for tilgang på psykolog på skulen.
16.	VU skal arbeide for at rådgjevartenesta skal ha eit årsverk per skule.
17.	VU skal arbeide for at alle skular, i samråd med elevråd, skal tilsette miljøarbeidarar.
18.	Alle elevar skal ha tilgang på ein psykolog på skulen. Alle skular skal ha ein sosialpedagogisk rådgivarteneeste med minst eitt årsverk på kvar skule. Alle skular skal ha minst ei helsesøster i 100% stilling
19.	Etter grunnskule og vidaregåande utdanning skal elevane delta i arbeids- og samfunnslivet. For at vi skal vere rusta for den kvardagen er det essensielt at skulen følgjer same utvikling som samfunnet elles. For at utdanninga skal vere relevant, må vi gi slepp på tanken om at læraren og læreboka er dei einaste kjeldene til kunnskap, og at læring berre kan gå føre seg innanfor klasserommet sine fire veggjar. Ved hjelp av moderne læremiddel skal skulen gi elevane eit innblikk i verda utanfor klasserommet. Fylkesting for ungdom krev difor at: - Digitale læremiddel må brukast på måtar som fremjar læringa. Dette krev auka kompetanse hos klasseleiar. - Digitale læremiddel og interaktive media skal implementerast i større grad i skulekvardagen. - Ved hjelp av tradisjonelle og sosiale media skal undervisinga vere meir internasjonalsert.
20.	Elevar som må bu borte i samband med vidaregåande opplæring skal i tillegg motta stipend som fullt ut dekker bustad og livsopphald, samt eit reisestipend som dekker minst to heimreiser i året. Reisestipendets beløp bør bestemast på bakgrunn av kostnader for å reise til og frå bustad til lærestaden. All studiestøtte må justerast i tråd med prisstigninga i samfunnet. Stipendet skal òg utbetalast siste månaden i studieåret.
21.	VU skal arbeide for at produksjonsskulane skal få auka status i heile fylket.
22.	VU skal arbeide for å oppretthalde studielinjer i distrikta. Dette inkluderer også små linjer som står i fare for å bli lagt ned som sparetiltak.
23.	VU skal arbeide for at det skal bli tilbydd gratis mensprodukt som bind og tamponggar. Eventuelt menskopp (berekraft).
24.	VU skal oppfordre til at vidaregåande skular skal arbeide med å kunne gjennomføre open skule.
25.	VU skal samarbeide med interesseorganisasjonar for elevar som eit tiltak for å betra elevane sine tilhøve.

Samferdsel og mobilitet

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

1.	VU skal jobbe for å få på plass ei elektronisk busskortløysning. Det skal vere mogleg å ha til dømes ungdomskort, periodekort og skulebusskort på ein og same app. Dette skal ikkje erstatte, men støtte opp til dagens ordning.
2.	VU skal arbeide for fleire bussavgangar på små plassar.
3.	VU skal arbeide for kortautomat på bussene, eventuelt moglegheit for å kjøpe billett på dei ulike busstoppa.
4.	VU skal samarbeide tett med selskap som utøver kollektivtilbodet i Vestland fylke, samt fylkeskommunen for å sørge for at kollektivtilbodet passar særleg skuletider og fritidsaktivitetar.
5.	VU skal arbeide for å senke prisen og auke aldersspennet for ungdomskort.
6.	VU skal arbeide for betre ras- og trafikksikring i Vestland fylkeskommune.
7.	VU skal arbeide for at dei som er avhengige av båt og ferje ikkje skal måtte oppleve innstilte avgangar i lengre periodar.
8.	VU skal arbeide for at alle typar kollektivtransport (tog, båt ekspressbuss o.l.) skal vere omfatta av ungdomskort. Dette må gjelde på alle stopp og linjer innanfor fylkesgrensa.
9.	VU skal arbeide for at fylkeskommunen legg til rette for at skulekort skal gjelde på ekspressbussar.
10.	VU skal arbeide for hyppigare avgangar på buss mellom dei store regionsentera i fylket.

EIGEN ORGANISASJON

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

1.	Eigen organisasjon skal arbeide for å ha jamleg kontakt med dei ulike ungdomsråda i fylket. Dei skal prøve å ha kontakt med VGS og eventuelt ungdomsskular, og fremje engasjement innan ungdomsråd.
2.	VU skal sjå til at alle føler seg velkommen og at alle ungdomar har moglegheit til å fremje si meining.
3.	VU skal presentere minimum tre sakar på relevante sosiale medium som Facebook eller Instagram kvar månad.
4.	Sitjande VU skal sørge for en god og informativ overlapp med kommande VU, både generelt og i dei ulike utvala.
5.	VU skal være en aktiv pådrivar i arbeidsgrupper for oppretting av nasjonalt ungdomsråd.
6.	VU skal ha ei Facebook-gruppe med representantar frå alle ungdomsråda i fylket.

7.	VU skal arbeide for tett samband med relevante ungdomsorganisasjonar og vere synlege der andre ungdomsparti er synlege, som for eksempel å stå på stands og arrangere debatter.
8.	Vu skal arbeide for å fremje FFU sine saker i media i løpet av perioden.
9.	VU skal ta kontakt med alle ungdomsråda i fylket minst ein gang i halvåret for å oppdatere seg på ungdomsråda sin aktivitet.
10.	VU bør sende representantar til dei ulike partia sine utvalsmøte når det er oppe saker som er aktuelle for VU.
11.	VU skal arbeide med å gje ungdomsråda i fylket ein eigen kontaktperson i VU, og hjelpe ungdomsråda med rådgjeving og oppfølging.
12.	VU skal arbeide for at leiar og nestleiar i VU får tale- og møteplikt på fylkestinget for å snakke om saker som handlar om ungdom.
13.	VU skal arbeide for å lage reklame- eller informasjonsfilm som opplyser om VU sitt arbeid på ulike relevante medium.
14.	VU skal ha som mål og presentere seg for alle VGS i Vestland for å bli kjent med skulane.
15.	VU skal arbeide for at fleire regionråd skal ha eigne ungdomsråd
16.	VU skal arbeide for at ungdomsråd for kjennskap til ulike høyringar i fylket slik at råda kan sende inn høyringsuttaler.
17.	Vu skal arbeide med å hjelpe ungdomsråd i kommunane som treng bistand i større saker. Terskelen skal vere låg.
18.	VU skal arbeide med å lage informasjonsplakat som kan henge på skular rundt om i Vestland fylke som formidlar VU sitt formål.

Sak 14/21 Val av Vestland ungdomsutval (VU) og kontrollnemnd 2021

Valnemnda si innstilling til Vestland ungdomsutval for 2021 vart presentert på møtet:

Verv	Namn	Kommune
Leiar	Mia Holdhus	Samnanger
Nestleiar	Emilie Mortvedt Troland	Austevoll
2årig medlem	Sander Eide Aase	Kvam
2årig medlem	Emil Kvebæk Øvretveit	Øygarden
2årig medlem	Inger Christin Hystad Barane	Stord
2årig medlem	Hallvard Lervik	Sunnfjord
1. Vara	Maren Sævid	Samnanger
2. Vara	Evelyn Risnes Bjørnbekk	Austrheim
3. Vara	Michal Niedzwiecki	Årdal
4. Vara	Andrine Lundekvam	Sunnfjord
5. Vara	Tina Emilie Revheim	Askøy
6. Vara	Theodor Solheim Gjenga	Osterøy
7. Vara	Ingrid Hjartåker Wigand Lien	Bergen

Valnemnda si innstilling til kontrollnemnd for 2021 vart presentert på møtet:

Verv kontrollnemnd	Namn	Kommune
Leiar	Lisa Horpen	Årdal
Medlem		
Medlem		

Eusebiu Amanalachioai, Kvam, sette fram slikt forslag:

«Sander Eide Aase vert vald som nestleiar»

Lisa Horpen, VU, sette fram slikt forslag:

- (a) «Susanne Sørli Slettebakken vert vald som 1. medlem i kontrollnemnda»
- (b) «Leander Mulen Sunde vert vald som 2. medlem i kontrollnemnda»

Ida Haugen Skulstad, Samnanger, sette fram slikt forslag:

- (a) «Ida Haugen Skulstad vert vald som 1. medlem i kontrollnemnda»
- (b) «Ida Haugen Skulstad vert vald som 2. medlem i kontrollnemnda»

Hallvard Lervik, Sunnfjord, sette fram slikt forslag:

- (a) «Oscar Eliassen Fink vert vald som 1. medlem i kontrollnemnda»
- (b) «Oscar Eliassen Fink vert vald som 2. medlem i kontrollnemnda»

Nikolai Strüter Vågen, Kvinnherad, sette fram slikt forslag:

«Nikolai Strüter Vågen vert vald som 1. medlem i kontrollnemnda»

Røysting

Det var 55 røysteføre under voteringa.

Valnemnda si innstilling på leiar vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på nestleiar fekk 40 røyster mot 14 for Amanalachioai sitt forslag. 1 røysta ikkje.
 Valnemnda si innstilling på 1. medlem vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på 2. medlem vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på 3. medlem vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på 4. medlem vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på 1. vara vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på 2. vara vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på 3. vara vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på 4. vara vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på 5. vara vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på 6. vara vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på 7. vara vart vald ved akklamasjon.
 Valnemnda si innstilling på leiar i kontrollnemnd vart vald ved akklamasjon.
 Horpen sitt forslag (a) fekk 33 røyster og vart vedteke.
 Skulstad sitt forslag (a) vart ikkje røysta over.
 Lervik sitt forslag (a) vart ikkje røysta over.
 Vågen sitt forslag vart ikkje røysta over.
 Horpen sitt forslag (b) fekk 27 røyster og vart vedteke.
 Lervik sitt forslag (b) fekk 3 røyster og fall.
 Skulstad sitt forslag (b) fekk 19 røyster og fall.

Vedtak

Verv	Namn	Kommune
Leiar	Mia Holdhus	Samnanger
Nestleiar	Emilie Mortvedt Troland	Austevoll
2årig medlem	Sander Eide Aase	Kvam
2årig medlem	Emil Kvebæk Øvretveit	Øygarden
2årig medlem	Inger Christin Hystad Barane	Stord

2årig medlem	Hallvard Lervik	Sunnfjord
1. Vara	Maren Sævild	Samnanger
2. Vara	Evelyn Risnes Bjørnbekk	Austrheim
3. Vara	Michal Niedzwiecki	Årdal
4. Vara	Andrine Lundekvam	Sunnfjord
5. Vara	Tina Emilie Revheim	Askøy
6. Vara	Theodor Solheim Gjenga	Osterøy
7. Vara	Ingrid Hjartåker Wigand Lien	Bergen

Verv kontrollnemnd	Namn	Kommune
Leiar	Lisa Horpen	Årdal
Medlem	Susanne Sørli Slettebakken	Alver
Medlem	Leander Mullen Sunde	Sunnfjord

Protokollmerknad frå Sander Eide Aase, Kvam:

Den siste røystinga vart gjort i strid med kommunelova § 7-8. Mullen Sunde fekk ikkje over halvparten av stemmene, og det kan hende at nokre ikkje stemte dersom dei såg at slaget var tapt.

Møtet i fylkesting for ungdom 2021 vart heva kl. 14.30 11. april 2021.

Inger Christin Hystad Barane
Samnanger

Maren Sævild
Samnanger

Arild Knapkog
protokollfører

Lotte Karoline Lynngård
protokollfører